



Bente Veka  
Øvre Brøstanesveien 29 B  
5178 LODDEFJORD

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/2370 - 17/22259

Saksbehandlar:  
Bente Førland  
Bente.Forland@lindas.kommune.no

Dato:  
10.08.2017

## Vedk. vatn og avløpsgebyr for gbnr. 85/27 Kvalvåg

Eigedom: Gbnr. 85/27 Kvalvåg  
Adresse: Kvalvågnesvegen 474  
Eigar: Vidar Øystein Veka og Bente Veka  
Gebyr: Vassgebyr hytte

### INFORMASJON OM PLIKT TIL BETALING AV KOMMUNALE VASS- OG AVLØPSGEBYR – GBNR 85/27 ONES

Lindås kommune har tatt i bruk eit nytt digitalt verktøy for registrering av kommunale gebyr for vatn og avløp. I samband med dette har vi registrert at din eigedom på gbnr 85/27 ikkje er registrert med gebyr.

Lindås kommune vil informere om at din eigedom er lagt inn i vårt system og at du vil få tilsendt faktura på gebyr for vassgebyr fritidsbustad i samsvar med til ei kvar tid gjeldande gebyrforskrift for kommune. Gebyrforskrifta finn du på kommunen si heimeside:

<http://www.lindas.kommune.no/prisar.309686.nn.html>

Gebyret vert fakturert med verknad frå 01.01.2014

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg gjev kommunen rett til å krevje gebyr for kommunale vass- og avløpstenester.

Dersom du meiner at gebyret ikkje er korrekt, ber vi om skriftleg tilbakemelding innan 12.09.2017. Vi gjer merksam på at utsending og betaling av faktura ikkje inneber noko godkjenning av påkopling til offentleg vatn- og avløpsnett etter reglane i plan- og bygningslova og/eller dei standard abonnementsvilkåra for vatn og avløp som gjeld for Lindås kommune. Det same gjeld for bruksendring av bygning utan at det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova, t.d. frå fritidsbustad til heilårsbustad.

**Det må sendast inn rørleggjarmelding frå utførande rørleggjar med situasjonsplan på VA kart.**

**Utslepp er også søknadspliktig og søknaden skal behandlast av Byggjesaksavdelinga i Lindås kommune. Inntil det føreligg eit godkjend utsleppsløyve, er tilkoplinga å ansjå som ulovleg.**



For spørsmål kan du ta kontakt med:

Avdelingsleiar Arne Helgesen, tlf: 56 35 56 69, arne.helgesen@lindas.kommune.no  
Saksbehandlar Bente S.Førland, tlf: 56 35 58 05, bente.forland@lindas.kommune.no

Med helsing

Arne Helgesen  
avdelingsleiar

Bente Førland  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Byggesaksavdelinga

**Mottakarar:**

Bente Veka	Øvre Brøstanesveien 29 B	5178	LODDEFJORD
Øystein Vidar Veka	Øvre Brøstanesveien 29 B	5178	LODDEFJORD